

# Bokstavlydhjelpar

## Bokstavlydhjelpar



Ein bokstavlydhjelpar kan vere ei god støtte for elevane når dei er usikre på korleis dei skal knyte bokstavlyd (fonem) til bokstavsymbol (grafem).

På *Bokstavlydhjelparen* kan elevane leite seg fram til ein illustrasjon som representerer den lyden dei ønsker å skrive. Dersom det er ordet *gul* som skal skrivast, så vil **g**risen, **u**gla og **l**øva kunne vise eleven veg til bokstavsymbola som dei treng for å kunne skrive dette ordet. Nokre elevar treng bokstavlydstøtta berre på oppstarten av 1. trinn, medan andre elevar vil ha behov for å bruke han òg på høgare trinn.

For at *Bokstavlydhjelparen* skal fungere som støtte, er det heilt nødvendig at dei illustrasjonane som er valde faktisk støttar lydane.

I *Bokstavlydhjelparen* som vi presenterer i denne ressursen, så har vi valt bort illustrasjonar for lydane: c, w, x, y, z og æ, og det er fordi at det har vore utfordrande å finne eigna illustrasjonar for desse lydane. Det har vore vanleg at ærfugl har vist til bokstaven æ, men nokre elevar vil då kunne tenke at den viser til fugl, og vil då velje å skrive f i staden for æ. Mange bokstavplansjar i norske klasserom bruker bilde av ein xylofon som illustrasjon for bokstaven x og bilde av ein yoghurt for bokstaven y. Begge desse to bilda forvirrar meir enn dei støttar. Her viser vi eit døme der ein elev lytta ut at nei skulle skrivast med j (tenkte at joghurt blir skriven med j), og gjekk derfor til yoghurt, og skreiv så ordet på følgjande måte:

nej

Dersom *Bokstavlydhjelparen* skal fungere som ei støtte, må elevane få opplæring i korleis dei skal bruke han. Dei må med andre ord vere godt kjente med kva lydar dei ulike illustrasjonane representerer. Elevane bør ha laminerte *Bokstavlydhjelparar* tilgjengelege i klasserommet, og læraren må oppfordre elevane til å bruke dei. Elevane må òg oppfordrast til å bruke medelevane som støtte dersom dei er usikre på kvar dei finn bokstavane dei ønsker å skrive. Då kan medeleven til dømes seie at votten viser v. Elevane bør òg ha kvar sin Bokstavlydhjelpar i sekken. På foreldremøtet eller på kontaktsamtalen kan føresette få innblikk i korleis Bokstavlydhjelparen kan brukast. Det er òg viktig at dei får innblikk i at dei yngste elevane er på veg til å forstå det alfabetiske prinsippet, og at dei derfor ikkje bør rette i tekstane til barna. Men dersom barnet spør korleis eit ord skrivast, så må dei få svar eller bli rettleidd til å bruke «hjelparen» som lydstøtte.

Med ressursen følgjer også bokstavplakatar som kan skrivast ut og hengast på veggen.